

## Rapport frå representantskapsmøte i Trivselshagen 10.april 2013

### Stad: Trivselsagen Sandane

1. Namn på selskapet: **Trivselshagen IKS**
2. Kven møtte på generalforsamling/representantskapsmøte på vegne av fylkeskommunen:  
Valde utsendingar: **Gunn Åmdal Mongstad og Anders Kristian Sægrov.**
3. Referere viktige saker / hendingar / planar for selskapet som det vart orientert om:
  - a. For året før
    - Ei viktig hending i meldingsåret har vore ferdigstilling av utbyggingsprogrammet « Idrett del 2» Trivselshallen vart teke i bruk 22.oktober 2013 i tråd med framdriftsplanen.
  - b. For inneverande år.
    - Etter kvart som ein har tatt i bruk bygga, registrerer ein ein auke i tal aktivitetar og brukarar. Til dømes har talet på brukarar av symjehallen vore om lag dobbelt så høgt som forventa. Dette medfører nokre utfordringar m.o.t. mellom anna reinhald.
    - Ein har framleis to forsikringssaker som ikkje er avslutta.
    - Det er gjennomført tilstandsrapport på taket av gamle Firdahallen.
    - Offisell opning av Trivselshallen var 16.januar 2014.
  - c. For komande år
    - Ein forventar at tilstandsrapporten vil syne at ein nokså snart må gjennomføre rehabiliteringstiltak på taket i gamle Firdahallen.
4. Kommenter hovudtrekka i årsrekneskap og årsmelding. Viss selskapet sin revisor har gitt ei revisjonsmelding med avvik frå normalmeldinga skal selskapet sine kommentarar og eventuelle tiltak i høve dette rapporterast. Opplys om selskapet har ein god og sunn økonomi eller om det er faktorar her som kan få konsekvensar for fylkeskommunen som eigar, t.d:
  - **Rekneskapen for 2013 er lagt fram med mindreforbruk på om lag 2 055 816, noko som i hovudsak skuldast lågare renteutgifter enn budsjettert. Beløpet vert avsett til disposisjonsfond. Prosjektrekneskapen er ikkje avslutta, men alt tyder på at kostnadene er innafør vedteken budsjettramme.**
  - **Det er så langt utbetalt 10 mill av spelemidlar (5 i meldingsåret)Samla tilsagn er på 20 mill.**

5. Gje ei vurdering av om selskapet driv i høve til selskapet sitt formål  
**Selskapet sitt føremål er å planlegge, bygge, eige og drive felles bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule og til Gloppen kommune i samsvar med vedteken funksjonsplan og inngått selskapsavtale.**  
**Noverande drift er i tråd med formålet.**
6. Gje ei vurdering av om målet for fylkeskommunen sitt eigarskap i selskapet, jf om omtale i eigarmeldinga framleis er gjeldande.  
**Målet for Fylkeskommunen sitt eigarskap er å få dekka behov for areal til undervisning ved Firda vidaregåande skule.**  
**Dette er framleis gjeldande.**
7. Gje ei vurdering av om fylkeskommunalt eigarskap framleis er føremålsteneleg  
**Samarbeidet mellom Gloppen kommune og Fylkeskommunen vil framleis vere føremålstenleg for å nytte dei nye anlegga på ein god måte.**
8. Gje ei vurdering av korleis styringssignal gitt av fylkesutvalet vart teken i mot av selskapet  
**Selskapet har hatt eit godt samarbeid med eigarane. Fylkesutvalet har ikkje kome med særskilde signal utover eigarskapsmeldinga.**
9. Gje ei vurdering av om det har det skjedd endringar i høve til selskapet som gjer det naudsynt med endringar på kven som er fylkeskommunen sin utsending / vararepresentant.  
**Kan ikkje sjå at dette er tilfelle.**
10. Følgjande skal leggest ved rapporten:
  - a. Innkalling til generalforsamling m/saksliste og sakspapir
  - b. Protokoll frå generalforsamling viss det er motteke

Fylkesrådmannen føreset at rapporten vert utarbeidd av den som møtte på generalforsamlinga/representantskapsmøte. Vald utsending har ansvaret for rapporteringa viss det var andre med fullmakt eller ingen som møte, jf. pkt. 2 c og d.